



Sogn og Fjordane Folkemusikklag

ÅRSMELDING 2010

ÅRSMØTET 2010

Årsmøtet var lagt til Skei Hotell i Jølster, 11. april. 9 medlemslag var representerte med til saman 13 utsendingar. Styret i Folkemusikklaget var til stades, samt dagleg leiar og observatørar. Til saman 22 personar. På saklista sto vanlege årsmøtesaker.

STYRET 2010

Styret i Sogn og Fjordane Folkemusikklag har etter val på årsmøtet 2010 og konstituering hatt ei slik samansetjing:

Synnøve S. Bjørset	styreleiar
Dagfrid Vallestad Brevik	nestleiar
Øystein Dahl	styremedlem
Kari Malmanger	styremedlem
Helene Myklemyr Bolstad	styremedlem

Varamedlemmer:

1. varamedlem	Randi Støyva
2. varamedlem	Jan Ove Lotsberg
3. varamedlem	Anne Grete Hukset

1. vara har vore kalla inn til alle styremøte.

Valnemnd: Linda Fluge, Antonia Karete Haugen
Kongsvik, Aslak Johnsen

Revisor: Kjell Sverre Snøtun

MØTER OG SAKER

Det vart halde 5 styremøte i 2010, og styret har handsama 50 saker. Dagleg leiar og styret har brukt e-post for kommunikasjon og konsultasjon mellom styremøta.

Laget har gjeve uttale i desse sakene:
Kandidat til Sogn og Fjordane fylkeskommune sin fylkeskulturpris.

MEDLEMMER

Folkemusikklaget hadde 550 medlemar pr. 31.12 2010. 47 born, 44 ungdomar og 459 vaksne.

Av desse er 9 enkeltmedlemmer direkte innmelde i Folkemusikklaget. 19 lokallag er tilslutta organisasjonen.

ORGANISASJON OG ADMINISTRASJON



Dagrun Hesjevoll, dagleg leiar i Folkemusikklaget

Sogn og Fjordane Folkemusikklag sin administrasjon har i 2010 hatt 0,5 årsverk. Dagrun Hesjevoll er tilsett i stillinga som dagleg leiar. Dagleg leiar er sekretær for styret og har elles ansvar for den daglege drifta i Folkemusikklaget. Faste kontordagar er måndag til onsdag.

Styret i Folkemusikklaget har 2010 arbeidd med å utvikle organisasjonen med omsyn til formelle tilhøve knytt til arbeidsgjevaransvaret og til vedtekter for laget, mellom dette arbeidsavtale for tilsett, utarbeiding og innarbeiding av rutinar for rapportering, m.m. Styret har også hatt fokus på kompetanseutvikling i organisasjonen, mellom anna auka IKT-kompetanse.

INFORMASJON OG MARKNADSFØRING

DOMENE OG NETTSIDER

Folkemusikklaget eig domena

- www.folkemusikklaget.no,
- www.mokurset.no,
- www.fylkeskappleiken.no
- www.vestlandskappleiken.no
(i samarbeid med Hordaland Folkemusikklag).

Nettsidene på www.folkemusikklaget.no og www.mokurset.no var fram til juni 2010 drifta og vedlikehalde av Folkemusikklaget, og styreleiar hadde oppgåva med å vedlikehalde og publisere saker på nettsidene.

Nettsidene på www.fylkeskappleiken.no og www.vestlandskappleiken.no har vore drifta og vedlikehalde av dei lokale kappleiksarrangørane.

I mai 2010 gav FolkOrg alle medlemslaga sine eit tilbod om å bytte leverandør og flytte heimesidene frå Spifo Limited til Custom Publish, då Spifo planla å legge ned drifta.

Folkemusikklaget sine abonnement hos Spifo gjekk ikkje ut før ved årsskiftet, men styret valde likevel å inngå avtale med Custom Publish for www.folkemusikklaget.no før avtalen med Spifo var gått ut.

Overgang til ny host og webhotell hos Custom Publish medførte ein større kostnad enn budsjettert for nettsider i 2010. Styret vurderte likevel dette som ei viktig investering som vil føre til mindre driftskostnader på sikt, då alle innhaldet på dei tidlegare tre nettsidene er samla på www.folkemusikklaget.no med eigne meny punkt.

Folkemusikklaget vil behalde domenenamna, slik at dei framleis kan brukast til vidaresending til aktuelle meny punkt på den nye heimesida.

Custom Publish har vist seg å vere eit brukarvenleg publiseringverktøy med mange gode funksjonar.

NYHENDEBREV

Folkemusikklaget har sidan mai 2010 sendt ut månadlege nyhendebrev for å betre flyt av informasjon til medlemslaga. Nyhendebrevet har innehalde informasjon om aktuelle saker, søknadsfristar, kurs, seminar og kappleikar, og dessutan månadens tips.

KAPPLEIKAR

FYLKESKAPPLEIKEN 2010



Britt Pernille Frøholm, vinnar av vandrepremie og spel hardingfele/fele kl. A og B på Fylkeskappleiken

Fylkeskappleiken vart arrangert på Skei i Jølster, 9.-10. april med Indre Sunnfjord Spelemannslag som lokal arrangør. Kappleiksarena var Skei Hotell, og tilbakemeldingane frå publikum og deltakarar har vore svært gode. Totalt var det 85 startnummer og 255 deltakarar.

Oversikt over klassevinnarar på Fylkeskappleiken 2010:

Spel hardingfele/fele kl. A: Britt Pernille Frøholm, Hornindal Spelemannslag
Dans hardingfele/fele kl. A: Mari Andrea Ness og Atle Hoff, Gaular Spelemannslag
Vokal kl. A: Kari Malmanger, Sogn Spel- og Dansarlag

Spel hardingfele/fele kl. B: Britt Pernille Frøholm, Hornindal Spelemannslag
Dans hardingfele/fele kl. B: Oddbjørg Ese og Lidvin Hesjevoll, Jostedal Spel- og Dansarlag
Laudans kl. B: Atle Hoff, Gaular Spelemannslag
Vokal kl. B: Ellen Terese Thuland, Indre Sunnfjord Spelemannslag

Spel hardingfele/fele kl. C: Mathilde Skjæret, Jostedal Spel- og Dansarlag
Dans hardingfele/fele kl. C: Sigrid Sølberg Støyva m/følgje, Spelemannslaget Fjelljom
Vokal kl. C: Kine Svori, Jostedal Spel- og Dansarlag

Spel hardingfele/fele kl. D: Einar Øverland, Huldraleiken Spelemannslag

Open klasse: Arngunn Timenes Bell og Vidar Berge, Gaular Spelemannslag
Eldre folkemusikkinstrument senior: Alte Tjønnås, Huldraleiken Spelemannslag

Lagspel hardingfele/fele sen.: Hornindal Spelemannslag
Lagspel hardingfele/fele jr.: Leifs Rygg-støtter
Lagdans, sen.: Spelemannslaget Fjelljom
Lagdans jr.: Spelemannslaget Fjelljom

Runddans, sen.: Asbjørg og Arne M. Sølvsberg, Spelemannslaget Fjelljom

Spel runddans, sen.: Helene Myklemyr Bolstad, Jostedal Spel- og Dansarlag
Spel runddans, jr.: Norill Terese Norheim, Jostedal Spel- og Dansarlag

Lagspel runddans, sen.: Spelemannslaget Fjelljom
Gruppespel runddans, sen.: Kandals Orkester, Breim Spelemannslag
Gruppespel runddans, jr.: Inger, Anne Marte, Helene og Stine, Jostedal Spel- og Dansarlag

Vandrepremie for høgste poengsum i spel hardingfele/fele, oppsett av Hornindal spelemannslag i 2006, vart vunnen av Britt Pernille Frøholm.

VESTLANDSKAPPLEIKEN 2010



Oddbjørg Ese og Lidvin Hesjevoll, vinnarar av dans hardingfele senior på Vestlandskappleiken 2010.

Vestlandskappleiken vart arrangert 1.-3. oktober i Ullensvang med Hardanger Spelemannslag som lokal arrangør. Vestlandskappleiken er eit samarbeid mellom folkemusikklaga i Sogn og Fjordane og Hordaland, og kappleiken blir arrangert anna kvart år i dei to fylka. Vestlandskappleiken 2010 hadde totalt 63 startnummer.

Av klassevinnarar og dei som hevda seg best, nemner vi:

Vokal, junior: Kine Svori, Jostedal Spel- og Dansarlag

Spel hardingfele, junior:
2. Mathilde Skjæret, Jostedal Spel- og Dansarlag
3. Kine Svori, Jostedal Spel- og Dansarlag
5. Nikolai Storevik, Spelemannslaget Fjelljom

Spel fele, junior:
1. Nikolai Storevik, Spelemannslaget Fjelljom
2. Fredrik Hope, Hyen Spelemannslag

Dans hardingfele, senior:

1. Oddbjørg Ese og Lidvin Hesjevoll, Jostedal Spel- og Dansarlag
2. Laila Gjerde og Tormod Øvrebø, Jostedal Spel- og Dansarlag

Spel hardingfele, senior:

2. Synnøve S. Bjørset, Indre Sunnfjord Spelemannslag
6. Sigmund Eikås, Indre Sunnfjord Spelemannslag

Lagspel, senior:

1. Indre Sunnfjord Spelemannslag

SMØRBUKK-KAPPLEIKEN 2010



Smørbukk-kappleiken er eit arrangement for barn og unge, og ein uformell arena der deltakarane får synge, spele og danse for kvarandre. Alle som deltek får Smørbukk-karamellar i premie, og i tillegg kårar ein jury nokre vinnarar som får premiar sponso av Norsk Barneblad.

Smørbukk-kappleiken er ein viktig møtestad for barn og unge som driv med folkemusikk. Dei får møte andre unge i fylket med same interessa, og får trening i å opptre for andre. Og ikkje minst tener Smørbukk-kappleiken som stor inspirasjon for arbeidet med folkemusikken gjennomåret. På Smørbukk-kappleiken er det plass til alle, uansett nivå.

Smørbukk-kappleiken 2010 var planlagt til 13. mars på Mo i Førde, men grunna lite påmelding valde Folkemusikklaget å avlyse. Det nye styret vurderte moglegheitene for å arrangere Smørbukk-kappleiken seinare i 2010, men kom til at dette ikkje ville vere ei god løysing med omsyn til fleire faktorar, mellom anna kollisjon med andre arrangement. Smørbukk-kappleiken vart difor ikkje arrangert i 2010, men utsett til 12. mars 2011.

KURS- OG SEMINAR

MOKURSET



Det kan gå hardt føre seg på Mokurset...

Mokurset er eit sommarkurs i folkemusikk og –dans for barn, unge og vaksne, og vart arrangert på Mo i Førde 1.-6. august. Kurset hadde i 2010 totalt 67 deltakarar i alderen 10 til 71 år. Dei fleste i alderen 10 til 16 år. Mange av deltakarane har vore på Mokurset tidlegare, men det var også mange som var der for første gong.

Mokurset hadde i 2010 desse kurstilboda:

- Spel- og songkurs (hardingfele, fele, trekkspel, toradar, song), for barn, unge og vaksne på ulike nivå
- Storspel, for vidarekomne på hardingfele/fele.
- Samspel, for vidarekomne
- Dans, for vidarekomne

Kursa samspel og song måtte diverre avlyst grunna lita påmelding. Dei andre kursa gjekk som planlagt.

Instruktørar på Mokurset 2010 var: Sigmund Eikås, Britt Pernille Frøholm, Daniel Sandén-Warg, Ingrid Stuhaug, Simona Fraas Johnsen, Ingrid Heieren, Lajla Buer Storli, John Ole Morken, Ami Petterson Dregelid og Ellika Frisell. Dagfrid Vallestad Brevik og

Synnøve S. Bjørset var innom kurset som vikarar, og Mari Andrea Ness var instruktør i dans for alle deltakarane på spelkurset.

Kursleiar var Dagrun Hesjevoll, og Edel Skjæret var med som kursassistent under delar av kurset.

Mokurset har vore arrangert sidan 1984, og er det eldste kurset av sitt slag i landet. Kurset kombinerer eit aktivt og inkluderande læremiljø tilpassa dei ulike målgruppene med sosiale og miljøskapande aktivitetar.

Det blir gjeve undervising på hovudinstrument og i støttefag, og deltakarane får såleis auka instrumentferdigheiter og kunnskap om folkemusikken. Mokurset tener som ei inspirasjonskjelde for arbeidet med folkemusikken, og er for mange eit høgdepunkt i året.

Hausten 2010 vart det sett ned ei eiga styringsgruppe for Mokurset, og Sigmund Eikås, Ingrid Heieren, Mari Andrea Ness og Arngunn Timenes Bell deltek i denne gruppa.

Synnøve S. Bjørset vart hausten 2010 engasjert som prosjektleiar for Mokurset 2011.

MUNNSPELKURS



John-Erik Hammarberg, instruktør på munnspelekurset.

Folkemusikklaget skipa i samarbeid med Naustedalen Spelemannslag til munnspelekurs i Naustdal 24.-25. september. Instruktør på kurset var den legendariske munnspelemannen John-Erik Hammarberg frå Sverige, og kurset hadde 13 deltakarar frå heile landet. Kurset vart halde på Håjen kafé, og vart avslutta med Spelemannsfest i Fosshalla.

Målet med dette kurset var å blåse liv i munnspeletradisjonen. For 60-70 år sidan var munnspelet nærast allemannseige, men i dag er det ikkje mange som beherskar dette instrumentet og dei tradisjonelle spelemåtane. Tilbakemeldingane frå deltakarane var svært positive.

INSTRUKTØRSEMINAR



Vidar Underseth presenterte "Mine første feleslåttar" på seminaret.

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skipa i samarbeid med Folkemusikarordninga (Sogn og Fjordane fylkeskommune) til instruktørseminar. Innleiarar på seminaret var Sigmund Eikås, Vidar Underseth og Synnøve S. Bjørset. Det var også lagt til rette for plenumsdebatt og erfaringsutveksling for alle seminardeltakarane. Seminaret vart halde i Førde 25. september og hadde 10 deltakarar frå heile fylket.

Målet med dette seminaret var å gje inspirasjon og fagleg påfyll til instruktørar i folkemusikk. Seminaret var særleg retta mot instruktørar på fele og hardingfele, men var ope for alle som driv opplærings- og undervisningsverksemd innan folkemusikk. Tilbakemeldingane frå deltakarar og innleiarar var svært gode, og Folkemusikklaget tek sikte på å gjere instruktørseminaret til årleg tilbod og vil utvide tilbodet til å gjelde fleire instrumentgrupper.

FOLKEMUSIKKPRISEN 2010



Einar Eimhjellen, mottakar av Folkemusikkprisen 2010.

Folkemusikklaget deler annan kvart år ut Folkemusikkprisen til ein person, eit lag eller ein institusjon som har gjort særleg mykje for folkemusikken. Folkemusikkprisen 2010 vart delt ut under Fylkeskappleiken på Skei, og gjekk til Einar Eimhjellen frå Naustdal. Eimhjellen vart tildelt prisen på grunnlag av sitt omfattande arbeid med folkemusikken i fylket, både som utøvar, organisasjonsmann, innsamlar og utgjevar av bøker, hefter og plater. Eimhjellen fekk i 2008 Kongens forteneestemedalje i sølv, og Folkemusikklaget meiner Eimhjellen er ein verdig mottakar av Folkemusikkprisen 2010.

ROLF MYKLEBUST MINNEFOND



Rolf Myklebust (1908-1990) frå Stryn, radiomann, fiolinist og folkemusikksammlar.


Rolf Myklebust Minnefond er bygd opp av overskott frå sal av Rolf Myklebust sine notehefte "Slåttar i Nordfjordtradisjon", renteinntekter på fondet sin eigenkapital, samt noko tilførsel av kapital frå Folkemusikklaget ved overskott.

Fondet står pr. 31.12.2010 med 117 223,81 i eigenkapital. Det vart ikkje gjort tildelingar frå fondet i 2010.

Styret har i 2010 arbeidd med å revidere vedtektene for fondet i tråd med gjeldande praksis for tildeling og handsaming av søknader.

FOLKEMUSIKKLAGET SINE UTGJEVINGAR

SKUMRINGSTIMEN



Boka *Skumringstimen* vart utgjeven i 1998, og inneheld ei samling folkesongar skrivne ned etter kjelder i fylket. Boka inneheld også to cd-plater med opptak av kjeldene.

Folkemusikklaget har pr. 31.12.2010 92 bøker på lager.

MYKLEBUSTHEFTA

Rolf Myklebust sine notehefte med *Slåttar i Nordfjordtradisjon* vart utgjeve av Folkemusikklaget i 1985 og 1986.

Folkemusikklaget har pr. 31.12.2010 527 hefte på lager. Hefte nr. 2 er utseld.

MEDLEMSKAP

Folkemusikklaget er medlem i FolkOrg og Sogn og Fjordane Kulturnettverk.

REPRESENTASJON

FolkOrg, årsmøtet 2010: Dagrun Hesjevoll

Vestlandskappleiken 2010, leiarmøtet: Synnøve S. Bjørset og Dagrun Hesjevoll

Lokalt kulturliv i fokus, Norsk Kulturforum Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane Fylkeskommune: Aslak Johnsen

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival, representantskapsmøtet: Aslak Johnsen

Ragnar Vigdals Minnefond: Dagrun Hesjevoll

Sogn og Fjordane Kulturnettverk, styret: Dagfrid Vallestad Brevik

ØKONOMI

Årsrekneskap for 2010 og uttale frå revisor ligg ved årsmeldinga.

Folkemusikklaget hadde i 2010 offentlig driftstilskott frå Sogn og Fjordane fylkeskommune på 180 000. Tilskottet dekkjer lønskostnader knytt til Folkemusikklaget si 50% stilling for dagleg leiar, samt andre faste driftsutgifter knytt til Folkemusikklaget.

Folkemusikklaget var i 2010 ein aktiv stønadssøklar i høve til Mokurset og andre kurs og seminar. Konkurransen om midlane er hard, med mange søklarar og gode prosjekt som kjempar om dei same midlane, og Folkemusikklaget fekk innvilga berre ein liten del av omsøkte midlar.

Dei som har gjeve stønad til Folkemusikklaget i 2010 Sogn og Fjordane fylkeskommune FolkOrg

Sogn og Fjordane Kulturnettverk (VO-midlar) KOMP

Rådet for folkemusikk og folkedans

Fond for utøvende kunstnere

Norsk Folkemusikkfond

Sparebanken Sogn og Fjordane (gåvemidlar)

Luster Sparebank (gåvemidlar)

Rekneskapen viser eit årsresultat på 15 286,38 Folkemusikklaget står pr. 31.12.2010 med ein eigenkapital på 194 401,32

SAMARBEID

Folkemusikklaget har samarbeidd med ei rekkje organisasjonar om ulike tiltak. Mellom desse er: Sogn og Fjordane fylkeskommune, folkemusikarordninga - instruktørseminar Hordaland Folkemusikklag - Vestlandskappleiken Naustedalen Spelemannslag – munnspelkurs Indre Sunnfjord Spelemannslag – Fylkeskappleiken

ANDRE ARRANGEMENT, TILTAK OG HENDINGAR PÅ FOLKEMUSIKKFELTET

Nedanfor har vi teke med eit samandrag og informasjon om andre sentrale arrangement, tiltak og hendingar på folkemusikkfeltet der medlemmene våre har teke del.

Landskappleiken 2010

Landskappleiken vart arrangert på Voss 23.-27. juni med Voss Spelemannslag som lokal arrangør. FolkOrg eig arrangementet.

Landskappleiken er eit viktig arrangement med deltakarar frå heile landet, og mange av Folkemusikklaget sine medlemmer deltok.

Les meir på www.landskappleiken.no

Av dei som hevda seg best frå fylket, nemner vi:

Laus, kl.A: Vidar Underseth, Sogn og Fjordane Folkemusikklag, 4. plass

Lagspel, sen.: Indre Sunnfjord Spelemannslag, 4. plass

Durspel, jr.: Norill Terese Norheim, Jostedal Spel- og Dansarlag, 3. plass

Dans fele, kl. C: Berit Aarøen og Ørjan Fjellkårstad,

Spelemannslaget Fjelljom, 2. plass

Dans fele, kl. A: Audun og Silje Sølvsberg, Spelemannslaget Fjelljom, 4. plass

Landsfestivalen 2010

Landsfestivalen vart arrangert på Nordfjordeid med Eid, Nordbygda, Vindfylla og Spelemannslaget Fjelljom som lokale arrangørar. Landsfestivalen er eit viktig arrangement med deltakarar frå heile landet, og mange av Folkemusikklaget sine medlemmer deltok. Les meir på www.landsfestivalen.no

Av dei som hevda seg best frå fylket, nemner vi:

Durspel/trekkspel jr.: Norill Terese Norheim, Jostedal Spel- og Dansarlag, 3. plass

Fele/hardingfele sen.: Arne M. Sølvsberg, Spelemannslaget Fjelljom, 2. plass.

Fele/hardingfele sen.: Arne M. Sølvsberg, Spelemannslaget Fjelljom, 2. plass.

Andre instrument, solo: Arne M. Sølvsberg, Spelemannslaget Fjelljom, 1. plass.

Folkelarm 2010

Folkelarm er ei årleg bransjemesse for folkemusikk i Oslo, arrangert av FolkOrg. Under Folkelarm 2010, 9.-12. september i Oslo, vart Sigrud Moldestad kåra til Årets Folkemusikar og fekk tildelt prisen av kulturminister Anniken Huitfeldt. Moldestad vann også Folkelarmprisen for plata Sandkorn i kategorien open klasse. Arkivutgjevinga Sjur Hesjevoll – *Hardingfelespel frå Jostedal* var nominert til Folkelarmprisen i kategorien dokumentasjon. Synnøve S. Bjørset var artist på det offisielle showcase-programmet, og spelte saman med Dei Beste Damene og Majorstuen. Les meir på www.folkelarm.no

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival 2010

Førdefestivalen gjekk av stabelen 8.-11. juli og hadde temaet Fridom og undertrykking.

Medlemmer i Folkemusikklaget er involvert i festivalen på mange plan, både som tilsette, artistar og frivillige.

I 2010 hadde Førdefestivalen desse artistane frå fylket på programmet: To Rette og Ein Rang, Indre Sunnfjord Spelemannslag og Gro Marie Svidal i barneframsyninga I berget det blå.

Folkemusikklaget er ein av stiftarane i Førdefestivalen.

Folkemusikarordninga i Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ei eiga folkemusikarordning med tilsette musikarar. Ordninga sitt føremål er å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket.

Tilsette i ordninga er Sigmund Eikås, Elin Grytting, Oddbjørn Ramstad, Vidar Underseth og Synnøve S. Bjørset. Folkemusikarane driv både utøvande og pedagogisk verksemd.

Diverse gladsaker i 2010:


- Sigrud Moldestad vart kåra til Årets Folkemusikar 2010.
- Erlend Apneseth fekk tildelt *Furorestipend* av Sparebanken Sogn og Fjordane, og fekk også publikumsprisen.
- Mathilde Skjæret representerte Luster på Ungdoms Kulturmønstring i Sogn og Fjordane
- Dansegruppa i Fjelli Ungdomslag fekk tildelt *Drømmestipend* frå Norsk Tipping og Norsk kulturskoleråd.
- Synnøve S. Bjørset vart nominert til Spellemannprisen for soloplatå *Slåttar*
- Sigrud Moldestad lanserte plata *Sandkorn* og vann Folkelarmprisen for denne i kategorien open klasse.
- Arkivutgjevinga Sjur Hesjevoll – *Hardingfelespel frå Jostedal* vart nominert til Folkelarmprisen.
- Jakup (Arne M. Sølvsberg og Kjell Plassen) lanserte plata *Ved Jakup-steinen*
- Folkemusikk har vore representert i samtlege av NRK Sogn og Fjordane sin *Fylkestoppen*. Blant konkurrentane var mellom andre Sigrud Moldestad, Frøholm/Tillung, Glima, Majorstuen
- Synnøve S. Bjørset lanserte plata *Soli* saman med Åse Teigland og Anne Hytta.
- Ei rekkje folkemusikkutøvarar frå fylket vart nominert til *Lutt-prisen* (NRK Sogn og Fjordane): Sigrud Moldestad, Arne M. Sølvsberg, Ramstadlaget, Britt Pernille

Frøholm, Synnøve S. Bjørset og
Honndalstausene

- Sigrid Moldestad vann *Lutt-prisen* 2010
- Sigrid Moldestad vart tildelt
Fylkeskulturprisen
- Arne M. Sølvberg vart tildelt *Kongens
fortenestemedalje* i sølv
- Mange folkemusikkutøvarar har spelt
konsertar og vore på turné i fylket. Vi
nemner mellom anna: Sver, Tindra,

Dansekompagniet FRIKAR, Dei Beste
Damene, Synnøves Julekonsert, Jan
Beitohaugen Granli, Sigrid Moldestad,
Frøholm/Tillung

Styret takkar alle som har bidrege til å ta vare på og vidareformidle folkemusikk- og
-dansetradisjonane i fylket. Mellom desse er alle utøvarar som har gjeve gode danse- og
musikkopplevingar gjennom året, alle instruktørar som har undervist både born, unge og vaksne i
folkemusikk- og dans, alle samarbeidspartar, og alle stønadsytarar. Vi ser fram til eit nytt år med
folkemusikk- og dans!



Synnøve S. Bjørset
Styreleiar

Dagfrid Vallestad Brevik (s)
nestleiar

Øystein Dahl (s)
styremedlem

Helene Myklemyr Bolstad (s)
styremedlem

Kari Malmanger (s)
styremedlem

Randi Dorthea Støyva (s)
varamedlem